

Gjertrud Fludal
Tveitevegen 297
5550 Sveio

Dato: 17.08.2018
Vår ref.: 2017/1167-43
Saksbehandlar: sigfurn
Dykkar ref.:

Tilsegn om tilskot til Gjertrud Fludal, Etne bibliotek, Erasmus+ Studietur til Nederland

Vi viser til søknad om deltaking i studietur til Nederland som vert arrangert i tidsrommet 15. til 19. oktober 2018. På bakgrunn av administrative vedtak innanfor budsjetttramma for Erasmus+ -programmet for 2018, gjev vi tilskot til Gjertrud Fludal ved Etne bibliotek.

Tilskotet er eit viktig tiltak i fylkeskommunen si internasjonale satsing for å bruke EU-program som verkemiddel i det regionale utviklingsarbeidet, og midlane går til reise, opphald og diett. I dette tilfelle tingar fylkeskommunen reise og hotell, diett vert betalt etter gjeldande satsar eller etter utlegg i ettertid.

Vilkår for tilskotet

Opphaldet må vere avslutta før 22. oktober 2018.

Etter avslutta opphald, skal det sendast inn elektronisk sluttrapport og naudsynt dokumentasjon. I all presentasjon av prosjektet, pliktar mottakar å informere om at prosjektet er finansiert av Erasmus+ med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Seinast 21. august 2018 må følgjande sendast inn:

Akseptskjema og skjema for deltakaropplysningar, (begge vedlagt) fylt ut og signert av deltakar.

Seinast 9. november 2018 må følgjande sendast inn:

Boardingkort eller anna dokumentasjon på at reise er gjennomført, i tillegg til elektronisk sluttrapport (dette er eit skjema du vil få tilsendt seinare).

Kontaktpersonar:

Hordaland fylkeskommune sine kontaktpersonar er:

Ruth Ørnholt: ruth.ornholt@hfk.no; tlf.nr.: (j) 95 91 33 98

Sigrid Furnes: sigrid.furnes@hfk.no; tlf.nr.: (j) 489 91 246; (p) 909 73 941

Hordaland fylkeskommune ynskjer deg eit utbyterikt og interessant studieopphald i Nederland.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Sigrid Furnes
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

1. Mellombels program
2. Akseptskjema
3. Deltakaropplysningar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.